

Landslaget for lokal- og privatarkiv
Referat styremøte 2. november 2012
Oslo byarkiv kl 10.00-15.00

Tilstade: Torleif Lind, Tor Ingve Johannesen, Cecilie Lintoft (referent fram til kl 12.00), Ann Tove Manshaus, Mads Langnes, Marion Sørensen, Inger Lene Nytingnes (sekr/referent etter kl 12.00).

Sak 1. Referat frå styremøte 21. juni 2012

Referatet er godkjent.

Sak 2. Rekneskap

Rekneskapet for første halvår syner eit underskot på kr 10 000. Rekneskapsfører har gjeve tilbakemelding om at rekneskap står i godt samband med budsjett. LLP sin administrasjon syner eit overskot på kr 48 135. Fagkonferansen i Trondheim i samband med LLP sitt 25-års jubileum gav eit underskot på kr 32 684. Dette underskotet var forventa.

Vedtak: Rekneskapsrapporten er teken til etteretning.

Sak 3. Asta digitalisering.

Under ein av Asta-seksjonane på KAI-konferansen vart LLP oppmoda til å gjere ein innsats for at arkivinstitusjonane kan kringkaste større filer på Digitalarkivet då desse ikkje kan leggest ut på Arkivportalen. Arkivverket har tidlegare tilbydd institusjonane å gjere dette, men for institusjonane er det viktig at dei vert sett på som eigne institusjonar, og ikkje som ein del av Arkivverket.

LLP meiner dette er ei viktig sak og eit godt tilbod for sine medlemmer.

Ein kan sjå for seg tre alternativ:

1. Å sjå på felleløysingar med Arkivportalen og Digitalarkivet.
2. LLP i samråd med KAI kan lage ei felles løysing.
3. Kvar institusjon tek ansvar for seg.

Vedtak: LLP vil kontakte Arkivverket skriftleg og rette førespurnad om at dei opnar for eit slikt tilbod.

Sak 4. Personlege medlemskap i LLP (sak frå Landsmøte 2012)

På landsmøtet 2012 i Trondheim la styret fram ei sak om å opne opp for personlege medlemskap i LLP. Landsmøtet kunne ikkje sjå at dei noverande vedtektene kunne gje rom for dette, men var samtidig positive til forslaget. Det vart då vedteke at LLP sitt styre utarbeidde eit forslag til tekst for vedtektsendringar slik at dette kan gjerast mogeleg.

LLP sitt styre vil føreslå følgjande tekst:

§ 3 b Personleg medlemskap:

Fagleg tilsette ved institusjonar som er fullt medlem av LLP eller personar som av andre årsaker ynskjer å støtte LLP sitt arbeid for lokal- og privatarkiv.

Vedtak: Forslaget vert lagt fram for Landsmøtet 2013.

Sak 5. Arkivmeldinga.

Vedtak: LLP vil uttale seg når arkivmeldinga blir lagt fram og vil i samband med denne søke samråd med Norsk Arkivråd.

Sak 6. Honorering ved kurs/foredrag

Styret diskuterte kva retningslinjer som skal gjelde i samband med honorering når medlemmer av styret eller andre på vegne av LLP arrangerar kurs og foredrag. Ein kom fram til at styret bør utarbeide klare retningslinjer for slikt arbeid.

Vedtak: LLP sitt styre skal utarbeide retningslinjer i høve honorering for kurs/foredrag i regi av LLP.

Sak 7. Stipend og økonomisk støtte til Arkivarer uten grenser

LLP har fått ein førespurnad frå Arkivarer uten grenser om LLP ynskjer å støtte organisasjonen med 10 000 kr. Det har heller ikkje blitt utlyst stipend i 2012.

LLP sitt styre ser positivt på å støtte Arkivarer uten grenser, men ynskjer å avvente resultat av rekneskap før ei avgjersle vert teken. Ein vil og avvente rekneskapsrapportar før ein tek ei avgjersle vedkomande stipend.

Vedtak: LLP avventar til rekneskapsrapportar er klare.

Sak 8. Bevarings- og kassasjonsreglar – uttale

LLP skal uttale seg i samband med at Riksarkivaren har sendt ut nye bevarings- og kassasjonsreglar på høyring. LLP ser positivt på at regelverket vert revidert og vil rådføre seg til KAI-miljøet for innspel til uttalen.

Sak 9. Orienteringssaker.

- Ingrid Nøstberg har på vegne av LLP søkt utviklingsmidlar hjå Norsk Kulturråd til drift av prosjektet Fylkeskommunal administrasjonshistorie. Det er søkt om kr 375 000 som skal dekke 6 månadsverk og møteverksemd. I første omgang vil ein konsentrere seg om ein større oversiktsartikkel og fleire mindre artiklar om skuleverket. Desse skal kringkastast på Wikipedia og Lokalhistoriewiki.
- LLP deltok i komitehøyringar hjå Stortinget sin familie- og kulturkomite 18. Oktober 2012. Dette i samband med regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2013.
- Verdserklæringa om arkiv (UDA) er omsett til Norsk, begge målformer. Arkivorganisasjonane har gjort eit felles framstøt til Riksarkivaren om å få distribuert desse ut så snart som mogeleg.

